



Møteprotokoll

Utvalg: Verneområdestyret for SVR
Møtested: Kommunestyresalen, Hjelmeland
Dato: 15.03.2017
Tidspunkt: 11:00 – 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Leder
Oddmund Ljosland	Nestleder
Thor Jørgen Tjørhom	Medlem
Bjarte Sveinvoll Dagestad	Medlem
Oddlaug Hesland Tjomsland	Medlem
Gerd Helen Bø	Medlem
Eva Nilsen	Medlem
Kari Raustein	Medlem
Leiv Rygg	Medlem

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon
Per Sverre Kvinlaug	Medlem
Jan Dalen	Medlem
Margunn Nedrebø	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for
Olav Andrew Handeland	Margrethe Handeland

Fra administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Varighet av møtet inkl. tid til førebuing: 6 timer. Vert nytta ved utfylling av elektronisk skjema for møtegodtgjering.

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Bjørn Laugaland

Kari Raustein

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
----------------------------	----------------

ST 1/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
ST 2/17	Val av en representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
ST 3/17	Orienteringer
ST 4/17	Søknad om dispensasjon for oppføring av stolpehus i Pytten gnr. 5, bnr. 9. Jan Ove Flodquist
ST 5/17	Stavanger turistforening - Søknad om dispensasjon til bygging av nødbu langs stien til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Forsand kommune
ST 6/17	Søknad om dispensasjon for bruk av snøscooter i samband med fjellryperegistrering, Statskog SF
ST 7/17	Turistkontoret for Lindesnesregionen. Søknad om bruk av snøscooter i samband med filming i SVR, Ljosland, Åseral kommune
ST 8/17	Søknad om rivning og bygging av ny hytte i Grytdalen gnr/bnr 2/40 i Setesdal Vesthei og

- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune
- ST 9/17 Endring av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark - ny handsaming
- ST 10/17 Åseral frivilligsentral - søknad om bruk av snøscooter for transport av eldre og rørslehemma til Lordehytta
- ST 11/17 Søknad om flytting av planlagt gjeterhytte ved Krokånbrotet festnr. 2/3/1, til Dalan gnr/bnr 2/7, samt bygging av ny driftshytte og nytt uthus i Dalan, Åseral kommune
- ST 12/17 Retningslinjer for byggesaker på Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 48/1, Forsand kommune
- ST 13/17 Arvid Espedal - Søknad om dispensasjon til bygging av ny hytte på Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 48/1, Forsand kommune
- ST 14/17 Høyring - forslag om oppheving av vannscooterforskriften
- ST 15/17 Uttale til kommunedelplan for frilufsliv Bortelid-Ljosland i Åseral kommune
- ST 16/17 Tildeling av tiltaksmidler for 2017
- ST 17/17 Møteplan for verneområdestyret i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde 2017
- ST 18/17 Eventuelt

ST 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Vararepresentant frå Hægebostad fekk sakspapira for seint. Når sakspapira vert sendt ut må vararepresentantane få kopi samstundes.

ST 2/17 Val av en representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Kari Raustein skriv under saman med styreleiar.

ST 3/17 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

- Avgjerd Storå kraftverk v/Alf Odden. Drøfting: styret synast ikkje å ha reelt handlingsrom for handsaming av dispensasjonar etter § 48 i naturmangfaldslova. Kraftverk er ein vesentleg samfunnsinteresse og må vektast ut frå dette. Bør jobbe politisk mot OED og KMD for å endre lovverk mtp. handlingsrom etter nemnde § 48. Styreleiar saman med forvaltningssekretariatet formulerar brev til nemnde departement.
- Avgjerd Pytten og Langevassåni kraftverk
- Gjennomgang av delegerte saker v/forvaltningssekretariatet.
- Endring av forskrift maskinpreparering v/Jørn Haug. Diskusjon med utgangspunkt i drøftingsnotat som var sendt ut på førehand. Semje om at ein må føresette kommunale sti og løypeplanar ved godkjenning av nye maskinpreparerte løyper. Generelt: styret legg vekt på at eksisterande og nye løyper må kunne preparerast då dei har ein viktig kanalisierende effekt.
- Delegering av forvaltningsmynde for Ljosådalen er nå formelt på plass v/Guro Sødergren

ST 4/17 Søknad om dispensasjon for oppføring av stolpehus i Pytten gnr. 5, bnr. 9. Jan Ove Flodquist

Forvalters innstilling

Med heimel i verneforskrifta for SVR kap. 1.3.b får Jan Ove Flodquist løyve til oppattføring av stolpehus i Pytten, gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Plassering og utforming skal vera lik nedfallen bygning. Dispensasjonen vert gjeven med følgjande vilkår:

- Laftinga skal utførast som handlaft med magetelja eller flattelja tømmer (ikkje maskinlaft/plankelaft) i dimensjonar over 20 cm.
- Det skal nyttast tradisjonell torvtekking med yfsingstein og minst pyntenever langs kantane.
- Bygningen skal ha tilsvarande orientering som det førre stolpehuset som stod på tufta.
- Det skal nyttast tradisjonell fundamentering med håndstein eller trestabbar.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding når arbeidet er avslutta.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Felles framlegg frå Leiv Rygg, Kari Raustein og Thor Jørgen Tjørhom: som forvaltar si innstilling men der pkt. ein vert endra til: *Laftinga skal utførast som handlaft med magetelja eller flattelja tradisjonelt tømmer (ikkje maskinlaft/plankelaft).*

I framlegget vart det lagt vekt på at ein tradisjonelt har nytta tømmer frå staden og der dimensjonane varierar.

Nytt felles framlegg samrøystes vedteken

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for SVR kap. 1.3.b får Jan Ove Flodquist løyve til oppattføring av stolpehus i Pytten, gnr. 5, bnr. 9 i Bygland kommune. Plassering og utforming skal vera lik nedfallen bygning. Dispensasjonen vert gjeven med følgjande vilkår:

- Laftinga skal utførast som handlaft med magetelja eller flattelja tradisjonelt tømmer (ikkje maskinlaft/plankelaft).
- Det skal nyttast tradisjonell torvtekking med yfsingstein og minst pyntenever langs kantane.
- Bygningen skal ha tilsvarende orientering som det førre stolpehuset som stod på tufta.
- Det skal nyttast tradisjonell fundamentering med håndstein eller trestabbar.

Forvaltningssekretariatet skal ha melding når arbeidet er avslutta.

ST 5/17 Stavanger turistforening - Søknad om dispensasjon til bygging av nødbu langs stien til Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Forsand kommune

Forvalters innstilling

I medhald av §2, §3 punkt 1.1 og §3 punkt 1.3 bokstav f i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Stavanger turistforening dispensasjon til å bygge ei nødbu langs stien til Kjerag.

Den nye sikringsbua kan ha eit areal inntil 30 m² (BYA).

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til utforming og overflatebehandling, og må lokaliserast og settast opp i tråd med byggeteikningane som er lagt ved søknaden.
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Dispensasjonen gjeld fram til 15.03.2020.

Verneområdestyret gjer merksam på at det må hentast inn naudsynte dispensasjonar og løyver frå Forsand kommune, og at det må innhentast samtykke frå berørte grunneigarar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 6/17 Søknad om dispensasjon for bruk av snøscooter i samband med fjellryperegistrering, Statskog SF

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel 5.1, bokstav a i *Forskrift for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde*, vert Statskog SF gjeven avslag på søknad om motorferdsel i samband med utvikling av metode for taksering av fjellrype. Som grunngeving for avslaget legg verneområdestyret vekt på at det er tale om omfattande motorferdsel i ein perioden på året der villreinen er særleg sårbar. Vidare at prosjektet gjeld metodeutvikling som bør kunne gjennomførast utanfor verna område.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 7/17 Turistkontoret for Lindesnesregionen. Søknad om bruk av snøscooter i samband med filming i SVR, Ljosland, Åseral kommune

Forvalters innstilling

I medhald av naturmangfoldlova § 48 får Turistkontoret for Lindesnesregionen løyve til å nytte snøscooter til transport i samband med filming i området Skoræ – Lakkenstova på Ljosland i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for perioden 17. 3.2017 – 16.4.2017. For første tur kan det nyttast ein snøscootar. For transport periode 2 kan det nyttast inntil to snøscootrar. Løyvet gjeld for køyrerute slik det går fram av kartet i saka.

Øvrige vilkår:

- Løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag*.
- Innehavar av løyvet må sjølv hente inn samtykke frå grunneigar i området der transporten skal gjennomførast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten.

- Vert det observert reinsdyr langs køyreruta skal turen utsettast til det ikkje lenger er fare for å uroe dyra.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 8/17 Søknad om rivning og bygging av ny hytte i Grytdalen gnr/bnr 2/40 i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune

Forvalters innstilling

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold får Sigurd Støren dispensasjon fra verneforskriften til å rive eksisterende hytte og bygge ny erstatningshytte etter omsøkt plan på gnr. 2, bnr. 40 i SVR LVO i Sirdal kommune.

Dispensasjon gis med følgende vilkår:

- Hytta skal ikke være større enn prosjektert i byggesøknad datert 15.02.2017. Bygget skal ikke overskride BYA 73,5 m².
- Største avstand mellom terreng og underkant hytte skal ikke overstige 70.cm, pilarene skal forblendes med naturstein opp til kledning.
- Bygget skal være tilpasset terrenget, bygget skal ikke plasseres eller utformes slik at det virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Bygget skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Hyttas utforming, materialvalg og farge skal være i tråd med retningslinjene for Grytdalen og i forvaltningsplan for SVR.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes og leveres til godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggematerialer, utstyr og avfall.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 15.3.2020

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 9/17 Endring av verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark - ny handsaming

Forvalters innstilling

Verneområdestyret ber alle kommunane i SVR område vurdere om dei ønskjer at det skal setjast i gong ein formell prosess for å endre verneform frå landskapsvernområde til nasjonalpark. Føremålet med ein slik prosess er å avklare om det bør opprettast ein eller fleire nasjonalparkar i dei eksisterande verneområda.

Om kommunane ønskjer det kan verneområdestyret bistå i sakshandsaminga gjennom framskaffing av bakgrunnsinformasjon og deltaking på informasjonsmøter og liknande.

Verneområdestyret godkjenner oversendingsbrevet til kommunane med dei endringane som kom fram på styremøtet. Verneområdestyret presiserer at framlegget til verneføreskrift berre er mellombels utkast, og at endeleg verneføreskrift vil bli fastsett gjennom den formelle verneprosessen. Det må understrekast at framlegget til aktuelle nasjonalparkar er tenkt som døme, og at kommunane står fritt til å endre grenser og foreslå andre nasjonalparkar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 10/17 Åseral frivilligsentral - søknad om bruk av snøscooter for transport av eldre og rørslehemma til Lordehytta

Forvalters innstilling

Med heimel i forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 5.1.a vert det gjeven avslag på Åseral frivilligsentral sin søknad om transport av eldre og uføre til Lordehytta.

Det vert lagt vekt på presedensverknad der ein dispensasjon på sikt kan opne for monaleg persontransport i verneområdet. Vilkåret for dispensasjon etter § 48 i naturmangfoldlova er difor ikkje til stades.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Nytt framlegg frå Oddmund Ljosland: Åseral frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta ein av datoane 19/3, 26/3, 2/4. Dispensasjonen vert gjeven etter § 48 i naturmangfaldslova.

Vilkår:

- Det skal ikkje vera observert villrein i området
- Alle snøscootrarane skal køyre samla

Verneområdestyret legg vekt på at aktuelle trase ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkar er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål.

Ut frå grunngevinga meiner verneområdestyret at hovudvilkår for å gi dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova er stetta.

Framlegg frå Oddmund Ljosland vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Åseral frivilligsentral får dispensasjon for bruk av snøscooter for fellestur til Lordehytta ein av datoane 19/3, 26/3, 2/4. Dispensasjonen vert gjeven etter § 48 i naturmangfaldslova.

Vilkår:

- Det skal ikkje vera observert villrein i området
- Alle snøscootrarane skal køyre samla

Verneområdestyret legg vekt på at aktuelle trase ligg i sørleg del og i utkanten av verneområdet. Villreinen har ikkje brukt området aktivt i lengre tid. Traseen er heller ikkje i konflikt med skiløyper. Faren for presedensverknad vurderast som liten. Søkar er ein frivillig organisasjon som organiserer ein fellestur og der Lordehytta er eit heilt spesielt turmål.

Ut frå grunngevinga meiner verneområdestyret at hovudvilkår for dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldslova er stetta.

ST 11/17 Søknad om flytting av planlagt gjeterhytte ved Krokånbrotet festnr. 2/3/1, til Dalan gnr/bnr 2/7, samt bygging av ny driftshytte og nytt uthus i Dalan, Åseral kommune

Forvalters innstilling

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Kyrkebygda drifthei v/ Reinert Grønning tillatelse til rivning av eksisterende bygninger ved Dalan samt bygging av ny gjeterhytte, driftshytte og uthus ved Dalan (gnr/bnr 2/7).

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

- Byggene skal ikke være større enn prosjektert i søknad datert 15.2.17 og skal bygges etter tegninger som følger med søknaden (Gjeterhytte BYA 71,1m², driftshytte BYA 31,8 m², og uthus BYA 18,3 m²).
- Alle bygg skal være tilpasset terrenget, byggene skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Byggene skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Fundamentering skal bestå av murer og naturstein eller støpte påler.

- Alt avfall fra rivning og byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Gjeterhytte og uthus skal rives hvis leiekontrakt mellom grunneier og Kyrkjebygda beitelag opphører.
- Det skal foreligge ny festeavtale som regulerer plikter og rettigheter mellom grunneier og Kyrkjebygda driftehei. Denne skal sendes til SVR ferdig undertegnet før byggearbeidet kan starte.
- Byggetiltaket skal være ferdig innen 01.06. 2022.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Må gå fram av vedtak at dispensasjonen gjeld både Kyrkjebygd driftehei v/Reinert Grønning og grunneigar 2/7 Inger Anda Åsland.

Nytt framlegg frå Oddmund Ljosland : *som framlegg til vedtak men der det ikkje vert stilla vilkår om riving ref. pkt. 8 i innstilling. Kulepunkt 9 vert endra til: Det opprettes nytt punkt feste for gjeterhytten i Dalan. Det skal foreligge festekontrakt for gjeterhytten som regulerer plikter og rettigheter mellom grunneier og Kyrkjebygda driftehei. Kartverket sin standard kontrakt som vedlagt søknaden benyttes. Kopi av tinglyst kontrakt sendes SVR før byggearbeidet på gjeterhytten tar til. Grunneier sørger for at punkt feste 2/3/1 ved Krokanbråten slettes fra matrikkelen.*

Nytt framlegg samrøystes vedteken

Vedtak

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Kyrkjebygda drifthei v/ Reinert Grønning og grunneigar Inger Anda Åsland 2/7 tillatelse til rivning av eksisterende bygninger ved Dalan samt bygging av ny gjeterhytte, driftehytte og uthus ved Dalan (gnr/bnr 2/7).

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

- Byggene skal ikke være større enn prosjektert i søknad datert 15.2.17 og skal bygges etter tegninger som følger med søknaden (Gjeterhytte BYA 71,1m², driftehytte BYA 31,8 m², og uthus BYA 18,3 m²).
- Alle bygg skal være tilpasset terrenget, byggene skal ikke plasseres eller utformes slik at de virker ruvende og dominerende i landskapet, eller blir stående i silhuett.
- Byggene skal ikke være til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller drifteveier/stier.
- Byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Fundamentering skal bestå av mur og naturstein eller støypte påler.
- Alt avfall fra rivning og byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Det opprettes nytt punkt feste for gjeterhytten i Dalan. Det skal foreligge festekontrakt for gjeterhytten som regulerer plikter og rettigheter mellom grunneier og Kyrkjebygda driftehei. Kartverket sin standard kontrakt som vedlagt søknaden benyttes. Kopi av tinglyst kontrakt sendes SVR før byggearbeidet på gjeterhytten tar til. Grunneier sørger for at punkt feste 2/3/1 ved Krokanbråten slettes fra matrikkelen.
- Byggetiltaket skal være ferdig innen 01.06. 2022.

ST 12/17 Retningslinjer for byggesaker på Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 48/1, Forsand kommune

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner «Retningslinjer for byggesaker på Øvre Espedalsstøl» med dei endringane som vart gjort under styremøtet 15.03.2017.

Retningslinjene vil bli styrande for verneområdestyret si handsaming av byggesaker på Øvre Espedalsstøl. Retningslinjene gjeld inntil vidare og vil bli innarbeida i Forvaltningsplan for SVR ved første revisjon.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Forvaltar endra si innstilling etter drøftinga i styret. Styret ønskja at retningslinjene skulle sendast på ei avgrensa høring til grunneigarane og Forsand kommune før endeleg handsaming. Om det berre blir mindre endringar i retningslinjene i høve til det som var lagt fram for styret, kunne endeleg godkjenning av retningslinjene delegerast til AU.

Vedtak

«Retningslinjer for byggesaker på Øvre Espedalsstøl» sendast på ei avgrensa høring til aktuelle grunneigarar og Forsand kommune. Om det berre blir mindre endringar i retningslinjene, delegerast endeleg godkjenning til AU.

ST 13/17 Arvid Espedal - Søknad om dispensasjon til bygging av ny hytte på Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 48/1, Forsand kommune

Forvalters innstilling

I medhald av §2, §3, punkt 1.1 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova, får Arvid Espedal dispensasjon til å bygge ny hytte på Øvre Espedalsstølen, bnr/bnr 48/1 i Forsand kommune. Den nye hytta kan ha ein storleik på inntil 50 m² (BYA), inkludert lagringsareal og eventuelle uthus. Hytta skal plasserast i samsvar med kartet som følgjer saksutgreiinga.

Med heimel i forvaltningsloven sin §35 opphevast samstundes vedtaket frå styresak 37/2015 om å gje søkar dispensasjon til å rive eksisterande hytte og bygge ny på same stad.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Hytta må utformast i samsvar med verneområdestyret sine regler for materialbruk og utforming av bygningar på Øvre Espedalsstøl og fylkesrådmannen sin høringsuttale. Verneområdestyret ber Forsand kommune om å ta desse krava inn i sitt byggeløyve.

- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane og eksisterande bygningar.
- Alt avfall frå riving og byggjearbeid må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar.
- Dispensasjonen gjeld fram til 15.03.2020.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Nytt felles framlegg frå styret: Saka vert utsett. Ein må gjennomføre høyringa av retningslinene, ref. sak 12/17 før ein kan godkjenne byggesøknaden. Om det ikkje kjem vesentlege merknadar i høyringa kan arbeidsutvalet godkjenne byggesaka.

Nytt felles framlegg vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Saka vert utsett. Ein må gjennomføre høyringa av retningslinene, ref. sak 12/17 før ein kan godkjenne byggesøknaden. Om det ikkje kjem vesentlege merknadar i høyringa kan arbeidsutvalet godkjenne byggesaka

ST 14/17 Høyring - forslag om oppheving av vannscooterforskriften

Forvalters innstilling

Ved oppheving av vannscooterforskrifta vert det opna for ein ny motorisert brukargruppe i verneområda og der bruksmønsteret vert annleis enn for vanleg motorbåt. Verneområdestyret kan ikkje sjå at konsekvensane av dette i høve til verneverdiane er vurdert i forslaget.

Verneområdestyret tilrår at forbodet mot vannscooter framleis vert gjeldande for verneområda. Alternativt må bruk av vannscooter i verneområda regulerast på anna vis.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling

ST 15/17 Uttale til kommunedelplan for friluftsliv Bortelid-Ljosland i Åseral kommune

Forvalters innstilling

Verneområdestyret er positiv til at det vert utarbeida ein Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid – Ljosland i Åseral kommune. Verneområdestyret støtter føringa gjeven i planprogrammet om at tilrettelegging for friluftsliv i første rekk vert lagt på midtheia mellom Bortelid og Ljosland.

Verneområdestyret syner til saksutgreiinga og ber kommunen merke seg dei føringar som er gjeven i verneforskrift og forvaltningsplan vedkomande tilrettelegging av sommar og vinterløyper.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling

ST 16/17 Tildeling av tiltaksmidler for 2017

Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til Miljødirektoratet sin tildeling av tiltaksmidlar for 2017. Med utgangspunkt i saksframstillinga ønskjer verneområdestyret ein nærmare dialog med Miljødirektoratet om endring og omprioritering av tiltaksmidlar for 2017.

For tiltak 17 *Fjerning av kraftline Fundingsland i Vormedalsheia, kr. 100 000*, føreset verneområdestyret at det først vert teken ein runde med regulant med sikte på å få dei til å fjerne lina.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

ST 17/17 Møteplan for verneområdestyret i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde 2017

Forvalters innstilling

Verneområdestyret vedtar møteplanen. Forslag til datoer er godkjent og diskutert i plenum. Medlemmene er selv ansvarlig for å melde avbud om den aktuelle dato ikke passer.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Handsaming

Nytt felles framlegg frå styret: *Som innstilling men der møtedatoane vert som følgjer:*

Dato	Sted og kl.	Åpent	Annet
15. mars 2017	Hjelmeland kl. 11.00	Ja	
16. juni 2017	Valle kl. 11.00	Ja	Rådgjevande utval er med
21 – 22 august	Åseral	Ja	I samanheng med synfaring
15. november	Revsnes, Bygland. Kl. 11.00	Ja	

Ny møteplan vart samrøystes vedteken

Vedtak

Verneområdestyret vedtar møteplanen som følgjer:

Dato	Sted og kl.	Åpent	Annet
15. mars 2017	Hjelmeland kl. 11.00	Ja	
16. juni 2017	Valle kl. 11.00	Ja	Rådgjevande utval er med
21 – 22 august	Åseral	Ja	I samanheng med synfaring
15. november	Revsnes, Bygland. Kl. 11.00	Ja	

Datoene er godkjent og diskutert i plenum. Medlemmene er selv ansvarlig for å melde avbud om den aktuelle dato ikke passer.

ST 18/17 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 15.03.2017

Guro Sødergren las opp «nytt frå fjellet» ref. mail frå Peter Hermansen i SNO